

(<https://grenda.no>)

Heim (<https://grenda.no/>)

Nyhende (<https://grenda.no/nyhende/>)

Kultur (<https://grenda.no/kultur/>)

Sport (<https://grenda.no/sport/>)

Arkiv (<https://grenda.no/pdf-arkiv/>)

E-avis (<https://grenda.no/e-avis/>)

Mi side (<https://cweb.grenda.no/>)



Bjarte Nerhus, Gunnar Teigland og Olav Høgestøl sytte for trekkspeltonar i fjor, og kjem attende i år. Foto: Terje Øen.

Båtbyggjedag i Ølve

Søndag 19. august inviterer kulturnemnda i Ølve bygdelag til ny båtbyggjedag på skipsbyggjeplassen Øyra på Nerhus.



Håvard Sætrevik

haavard@grenda.no (<mailto:haavard@grenda.no>)

7 august, 2018

I fjor vart dette arrangementet ein suksess då 120 menneske kom for å sjå utstillingar på dei to gamle verfta og høyra føredrag om fartøybygging. Ikkje minst var det populært at dei minste fekk byggja seg små båtar.

– Som i fjor vert det utstillingar som fortel om skipsbyggingshistoria. I år handlar føredraget om skottehandelen. Vidar Ask fortel om handel og kulturutveksling med vesterhavslanda på 15- og 1600-talet. Dette er viktig historie for bygdene våre, skriv kulturnemnda i Ølve bygdelag i ei pressemelding.



(<https://grenda.no/content/uploads/2018/08/P8200554.jpg>)

Nokre av båtane ved kai på Øyra under båtbyggjedagen 2017. Foto: Terje Øen.

Det vert også i år båtbyggjeri for borna, med basseng der dei kan segla med dei nybygde skutene.

– Tysnes Kystlag vil på ny ta turen til Ølve med nokre av båtane sine, og kanskje kjem det også andre skuter til kai ved moloen. Kafeen kjem til å selja vaflar, saft og kaffi, men også lapskaus slik at det er mogleg å ta søndagsmiddagen på Øyra denne dagen. Som i fjor blir det trekkspeltonar frå Tysnes og Ølve, lovar kulturnemnda.

Båtbyggjedagen blir til i samarbeid med Kystsogevekene.



(<https://grenda.no/content/uploads/2018/08/003.jpg>)

Borna bygde mange fine båtar i fjor. Foto: Terje Øen.

Anbefal Vær den første av vennene dine til å anbefale dette.

Comments

Community



Recommend

Share

Sort by Best


Start the discussion...

Be the first to comment.

ALSO ON GREND

Pågripen for langing

1 comment • 7 months ago



Ove Herman Romslo — Fy fader for ein tosk.

Ein hund mista livet i ei jaktfelle

5 comments • 5 months ago



Brit Helle Aarskog — Dette er torturinstrument og

Krigsbarna på prestegarden

1 comment • 6 months ago



Toolswave — Jeg kjente de tvillingene,

– Ryddig og open dialog

1 comment • 3 months ago



Johs.Bondhus — Eit gammalt ord seier "å



Grenda

Lik side

4,1 k likerklikk

21 venner liker dette



Velg skriftstørrelse

a

A

Kontakt oss

Telefon: 53 48 71 00 (tel:53 48 71 00)

E-post: post@grenda.no (mailto:post@grenda.no)

Skålagato 36, 5470 Rosendal

Ting Grenda

Grenda kostar for eitt år 1.536 kroner.

Eit halvår kostar 878 kroner.

Eit kvartal kostar 494 kroner.

Under 30 (for husstandar der eldste medlem er under 31 år) kostar 840 kroner.
Gjeld også for studentar.